HJARTDAL
KOMMUNE

”Hjartdal - det nære alternativet”

Kommuneplanens samfunnsdel 2025



Innhold

1. Samfunnsdelen av kommuneplanen 4

2. "Hjartdal - det nære alternativet" 6

3. Hovudprioriteringar - slik møter vi utfordringene 8

4. Arealstrategiar 12

5. Utviklingstrekk for Hjartdal 14



1. Samfunnsdelen av kommuneplanen

Samfunnsdelen av kommuneplanen er den viktigaste overordna planen for Hjartdal kommune. Samfunnsdelen skal leggast til grunn for planarbeid, økonomiplanen og kommunen sitt verke som tenesteytar og samfunnsutviklar. Eit nytt kommunestyre skal etter eit kommunestyreval ta stilling til behov for endringar i samfunnsdelen på bakgrunn av kommunens situasjon og utviklingstrekk, nasjonale og regionale føringar og den politikken kommunestyret ønsker å føre i kommunestyreperioden.

Denne samfunnsdelen bygger på samfunnsdelen som vart vedtatt i 2017. Revisjonen av samfunnsdelen har blitt gjennomført midt i kommunestyreperioden, og kommunestyret har prioritert å omstrukturere planen for å gjere denne til eit betre politisk styringsverktøy og kople den til kommunestyreperioden.

Kommunestyret sine drøftingar bygger på nasjonale og regionale føringar og eit kunnskapsgrunnlag om situasjon og utviklingstrekk for Hjartdalsamfunnet og kommunens økonomi og tenester. I kap. 5 i denne planen er det gitt ei kortfatta oppsummering av kunnskapsgrunnlaget. Planarbeidet legg FNs bærekraftsmål til grunn, og i planen er det synleggjort kva bærekraftsmål som særleg er fylgd opp.

Visjonen frå samfunnsdelen frå 2017 er vidareført og dei langsiktige måla er justert på bakgrunn av situasjon kommunen står i, nasjonale og regionale føringar og kommunestyret sin politikk. For å synleggjere koplinga mellom mål og prioriteringar for samfunnsutvikling og arealbruk, er det formulert overordna arealstrategiar med utgangspunkt i arealstrategiane for revisjonen av kommuneplanens arealdel. Strategiane under kvart langsiktige mål er ikkje vidareført, men kommunestyret har valt ut område som skal ha særskilt prioritet i denne kommunestyreperioden. Korleis dei langsiktige måla og dei prioriterte områda vil bli fylgd opp, vil konkretiserast i temaplanar, strategiar og i økonomiplanen.

Samfunnsdelen omtaler ikkje alle kommunale tenester og oppgåver eller alle nasjonale og regionale føringar for kommunen si oppgåveløysing, men tydeleggjer kva for retning kommunestyret legg for vidare utvikling av Hjartdal og kva som skal ha særskilt prioritet.



Foto av Andrew Yurkiv - Unsplash

2. ”Hjartdal – det nære alternativet”

Den overordna visjonen for Hjartdal kommune er «Hjartdal – det nære alternativet».
I dette ligg det både ei skildring av kommunen sin plassering geografisk og ei skildring av kva for samfunnsutvikling ein ynskjer for Hjartdal kommune:

- Nært dei sentrale folkerike områda på austlandet, med kort veg til hytta eller dagsturar
- Nært ein attraktiv arbeidsmarknad
- Nærleik mellom tilsett og brukar i kommunal tenesteproduksjon
- Nærleik mellom folk i lokalsamfunnet
- Nærleik til flotte naturområde

Visjonen er utdjupa i langsiktige mål for Hjartdal kommune innanfor tre målområde:

- Hjartdal er ein attraktiv kommune å bu og leve i
- Hjartdal kommune omstiller seg for å sikre gode tenester for framtida
- Natur og kulturmiljø er grunnlag for busetting, næringsliv og identitet i Hjartdal kommune

Hjartdal er ein attraktiv kommune å bu og leve i

- Hjartdal er ein attraktiv kommune å bu i med eit variert bustadtilbod som legg til rette for befolkningsvekst og er tilpassa innbyggarane sine behov gjennom livet
- Hjartdal kommune har levande lokalsamfunn der innbyggarane kan leve aktive liv
- Innbyggjarane opplever tryggleik, meistring og livskvalitet
- Hjartdal kommune har eit rikt kulturliv og nyttar frivillige som ein ressurs i lokalsamfunnet

Desse langsiktige måla følger opp følgande bærekraftsmål:



Hjartdal kommune omstiller seg for å sikre gode tenester for framtida

- Hjartdal kommune har balanse i vatn- og avløpsøkonomien
- Hjartdal kommune har brukarvenlege og framtidsretta tenester
- Hjartdal kommune er ein attraktiv arbeidsplass
- Hjartdal kommune samarbeider med andre kommunar og relevante aktørar for å styrke tenestene og utviklinga av Hjartdalsamfunnet
- Hjartdal kommune arbeider systematisk med samfunnstryggleik og beredskap

Desse langsiktige måla følger opp følgande bærekraftsmål:



Natur og kulturmiljø er grunnlag
for busetting, næringsliv og identitet i Hjartdal kommune

- Innbyggarar, næringsliv og besøkande er sikra reint og tilstrekkeleg drikkevatn, og forsvarleg handtering av avløp hindrar forureining av vassmiljøet
- Hjartdal kommune er eit profilert reisemål basert på natur, kulturlandskap og kulturarv
- Hjartdal kommune har ei aktiv landbruksnæring som bidrar til levande bygder, matsikkerheit, verdiskaping og til å oppretthalde kulturlandskapet
- Hjartdal kommune er ein aktiv medspelar for næringslivet
- Hjartdal kommune utviklast mot eit lågutsleppssamfunn

Desse langsiktige måla følger opp følgande bærekraftsmål:



3. Hovudprioriteringar – slik møter vi utfordringane

Hovudprioriteringane fylgjer opp visjonen og dei langsiktige måla. Dei synleggjer kva som særleg skal ha prioritet i denne kommunestyreperioden, men erstattar ikkje det løypande arbeidet kommunen gjer innanfor ulike samfunnsområde. Korleis dei prioriterte områda skal følgast opp, avklarast årleg gjennom tiltak og prioriteringar i økonomiplanen og gjennom temaplanar og strategiar.

3.1. Balanse i vatn- og avløpsøkonomien

Kommunale kostnader knytt til utbygging av den kommunale vatn- og avløpsinfrastrukturen i Tuddal er av eit slikt omfang at det legg store begrensingar på kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Dei fleste kommunale tenestene finansierast gjennom frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter), men kommunal vassforsyning og avløpshandtering er underlagt sjølvkost. Det vil sei at tenestene finansierast av gebyr frå brukarane. Utgifter til utbygging av kommunalt vatn og avløp til fritidsbustader i Tuddal har resultert i betydeleg underdekning i sjølvkostområdet vatn og avløp. Dei frie inntektene til kommunen subsidierer no årleg dette sjølvkostområdet og har gjort at Hjartdal kommune har hatt eit negativt netto driftsresultat i fire av dei fem siste åra. Etter overtaking av lån frå Russmarken VA AS, har kommunen om lag 510 mill. i gjeld og svært høg renterisiko. Balanse i vatn- og avløpsøkonomien er dermed ein føresetnad for å få kontroll på kommuneøkonomien.

Historikken og situasjonen for det kommunale vatn- og avløpsanlegget i Tuddal gir i tillegg til økonomiske utfordringar, også utfordringar knytt til tillit og samarbeid mellom kommunen og utbyggjarar, hytteeigarar og grunneigarar i Tuddal. Samarbeid mellom dei ulike aktørane er avgjerande både for å utvikle og profilere Tuddal som reiselivsdestinasjon og for å få balanse i v/a-økonomien.

Prioritering av dette området betyr at Hjartdal kommune skal

- Ferdigstille pågåande prosess med arealdelen av kommuneplanen for å legge til rette for fleire abonnentar tilkopla Tuddal reinseanlegg
- Utarbeide hovudplan for vatn og avløp med strategiske val for å skape balanse i v/a-økonomien
- Utvikle samarbeidet med utbyggjarar, grunneigarar og reiselivsnæring i Tuddal





Foto av Dominik Lange -Unsplash

3.2. Omstilling innanfor helsesektoren

Hjartdal har i dag fleire eldre og fleire demente enn landsgjennomsnittet. Veksten i folketal fram mot 2035 vil hovudsakleg kome blant dei eldste aldersgruppene, med 36% auke i aldersgruppa 80-90 år og 16% auke i gruppe 90+. Dette vil legge eit auka press på helsetenestene. For å møte utfordringane med ein aldrande befolkning, er det både avgjerande å vurdere korleis tenestene kan moderniserast og effektiviserast og å sjå bustadutvikling i samanheng med dei kommunale tenestene. Det er i dag lite tilgang på mindre bueiningar tett på tenestene i Hjartdal. Innanfor sektoren ser ein eit aukande behov for psykisk helsehjelp og at talet på unge med samansette behov aukar.

Utfordringane innanfor sektoren må løysast innanfor rammene økonomi og tilgang på arbeidskraft gir. Det er difor behov for å gjere tydelege prioriteringar for sektoren basert på eit godt kunnskapsgrunnlag om framtidige behov.

Det ligg eit stort potensiale i å i større grad integrere velferdsteknologi i tenestene innanfor sektoren. Kartlegging av kvar i tenestene ein vil ha mest effekt av dette og kompetanseheving knytt til velferdsteknologi vil prioriterast som del av omstillingsarbeidet i denne kommunestyreperioden.

Prioritering av dette området betyr at Hjartdal kommune skal

- Utarbeide strategisk plan for helse og meistring med prioriteringar basert på eit kunnskapsgrunnlag om framtidige behov
- Drive kartlegging og kompetanseutvikling for å nytte velferdsteknologi aktivt ved tildeling av tenester



Foto av Gautam Arora - Unsplash

3.3. Kultur for læring

Hjartdal kommune har hatt utfordringar med skuleresultat som ligg under landsgjennomsnittet og låg motivasjon for å prioritere skule hjå elevane. Kommunen har difor kome inn under Utdanningsdirektoratet si «Oppfølgingsordning» med støtte og rettleiing for kommunar med svake resultat på sentrale område av opplæringa. For å løfte skuleresultat og haldningar til læring i Hjartdal, har kommunen sett i gang utviklingsarbeidet «Kultur for læring», som omfattar både den offentlege og dei private skulane, barnehage, SFO og bibliotek. Det systematiske arbeidet i oppvekstsektoren med å betre skuleresultata har gitt resultat, mellom anna gjennom positiv utvikling i grunnskulepoeng etter gjennomført grunnskule.

Å opparbeide ei kultur for læring som gir gode, varige resultat krev langsiktig arbeid og samarbeid mellom ei rekke aktørar. Vidareføring av det gode arbeidet som er i gang er difor prioritert i denne perioden.

Prioritering av dette området betyr at Hjartdal kommune skal

- Vidareføre det pågåande fleirfaglege utviklingsarbeidet «Kultur for læring» for å styrke læringa si plass i Hjartdalsamfunnet

4. Arealstrategiar

Arealstrategiane i samfunnsdelen gir føringar for vidare arealplanlegging i Hjartdal kommune. Arealstrategiane fylgjer opp langsiktige mål og hovudprioriteringar i samfunnsdelen, men synleggjer ikkje alle nasjonale og regionale føringar for arealplanlegging. Arealstrategiane kan understøtte oppfølginga av vedtekne arealplanar og gje «bestillingar» til vidare planlegging. Arealstrategiane er ikkje rettsleg bindande.

For Hjartdal kommune gjeld følgjande arealstrategiar:



Variert bustadtilbod



Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling



Natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping



Samfunnstryggleik og klimatilpassing



Variert bustadtilbod

- Det skal leggast til rette for eit meir variert bustadtilbod med fleire leilegheiter og
  mindre einingar i tettstadene

Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling

- Det skal leggast til rette for fritidsbustader i eit omfang som svarar til dagens kapasitet på vassverket og reinseanlegget
- Fortetting av eksisterande byggeområder skal prioriterast før nye utbyggingsområde
- Det skal fastsettast ei langsiktig utbyggingsgrense for fritidsbustader i Tuddal som tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinen sine leveområde, omsyn til friluftsliv og landskap og destinasjonen sin attraksjonsverdi
- Eldre reguleringsplanar for fritidsbustader, ikkje-regulerte område for fritidsbustader i kommuneplanens arealdel og område for spreidd fritidsbustad skal gjennomgåast ved revisjon av arealdelen av kommuneplanen. Behov for å omdisponere områda skal vurderast på bakgrunn av arealstrategiane og oppdatert kunnskapsgrunnlag



Natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping

- Ved vurdering av nye byggeområde og gjennomgang av område som ikkje er realisert i gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar, vil bevaring av naturverdiar, myr og dyrka mark bli vektlagt
- Kommunen vil gå i dialog med Statens vegvesen om framtidig trasé for E134 gjennom Hjartdal kommune for å avklare framtidig trasé, også for å unngå nedbygging av naturområde og kulturlandskap
- Kommunen ønsker å legge til rette for solkraftanlegg som tar omsyn til natur og miljø



Samfunnstryggleik og klimatilpassing

- Arealplanlegging skal ivareta omsynet til samfunnstryggleik og beredskap basert på oppdatert kunnskap og behov for tilpassing til klimaendringar
- Omsyn til drikkevasskjelder og forsvarleg handtering av avløp skal prioriterast for å sikre reint og tilstrekkeleg drikkevatn og hindre forureining av vassmiljøet

5. Utviklingstrekk for Hjartdal

5.1. Hjartdalsamfunnet

Hjartdal er ein landbrukskommune bestående av dei tre bygdene Hjartdal, Tuddal og Sauland, der Sauland er kommunesenteret. Busettinga i kommunen er spreidd, og heile 46% bur på landbrukseigedomar.

Pr. 2.kvartal 2025 var det 1641 innbyggarar i Hjartdal kommune. Kommunen har opplevd vekst i folketalet sidan 2021, men veksten skyldast i hovudsak innvandring frå Ukraina. Hjartdal har ei større del eldre enn landsgjennomsnittet og har i dag den lågaste forsørgjarevna i Telemark (1,4 personar i yrkesaktiv alder pr. person under 15 og over 67 år).

Befolkningsframskrivingane syner forsiktig vekst fram til stabilisering mot slutten av dette tiåret og nedgang etter dette. Veksten i folketal framover vil hovudsakleg kome blant dei eldste aldersgruppene, med 36% auke i aldersgruppa 80-90 år fram mot 2035 og vil legge press på helsetenestene. I same periode viser prognosane at talet på barnehagebarn vil reduserast med 10%, medan aldersgruppa 6-66 år vil halde seg relativt stabilt.

Folkehelseprofilen for Hjartdal viser at talet på personar som bur i hushald med vedvarande låg inntekt ikkje skil seg frå landsnivået, men at fleire barn i Hjartdal lever i familiar med sosialhjelp, bur i leigde bustader og har barnevernstiltak enn det som er gjennomsnittet i Norge. Det er ein høg del uføre mellom 45-66 år (21%), men sysselsettingsgraden blant arbeidstakarar er høg, og det er færre unge utanfor utdanning og arbeidsliv enn i resten av fylket og landet.

Dei fleste arbeidsplassane i Hjartdal er innanfor bygge- og anleggsverksemd og helse- og sosialtenester, medan reiselivsnæringa er lite utvikla på tross av omfattande hytteutbygging. Det er netto utpendling frå Hjartdal kommune.

Einebustader utgjer det meste (90%) av bustadmassen i Hjartdal. Nye, mindre bueiningar er bygd i 2024, men det er låg tilgang på denne type bustader. Mangelen på tilgang til bustader kan hindre tilflytting, og gjer det utfordrande for personar med låg inntekt eller einslege forsørgjarar å skaffe eigna bustad.

Tuddal er utpeikt som satsingsområde for fritidsbustader, og kommunen har gjennom selskapet Russmarken VA AS, bygd ut vatn og avløp til dei mest sentrale delane av Tuddal og med dette påtatt seg store økonomiske forpliktingar.

Det er fleire pågåande prosessar for auka produksjon av fornybar kraft i Hjartdal, både solkraftverk og vasskraft.

5.2. Kommunal økonomi og tenester

Hjartdal har svært høg gjeld per innbyggar samanlikna med landsgjennomsnittet etter at gjelda frå Russmarken VA AS vart overført til kommunen i 2025. Ca. 510 mill. i gjeld gir svært høg renterisiko. Kommunen har høge frie inntekter og inntekter frå kraftproduksjon, og det er hovudsakeleg underdekninga innanfor vatn og avløp som har resultert i eit negativt netto driftsresultat dei siste fem åra, unntatt 2022. Kommunen har eit disposisjonsfond på ca. 40 mill., men 37 mill. av desse er vedtatt investert i utbygging av Sauland Kraftverk.

Kommunen har inngått ei rekke interkommunale samarbeid for å sikre fagkompetanse og redusere sårbarheit. Omfattande interkommunalt samarbeid opplevast som utfordrande når det gjeld tenester for innbyggarane og som inngår i det førebyggande arbeidet.Kommunen opplever eit markant aukande sjukefråvær, særskilt innanfor helse- og omsorg og oppvekst, samtidig som ein står overfor utfordringar med å rekruttere kompetent arbeidskraft.

Det er stor auke i tal yngre med samansette behov og stor pågang innanfor psykisk helse. Nyoppretta partnarskap med NAV har som mål å få unge med moderate psykiske problem ut i arbeidslivet.

Aukande tal eldre innbyggarar gir press på helse- og omsorgssektoren, som allereie utgjer 30% av dei kommunale utgiftene, og det er stadig vanskelegare å rekruttere og behalde helsepersonell. Nytt omsorgssenter med institusjons- og omsorgsplassar er etablert,



Foto av Filipp Romanovski - Unsplash

men det er mangel på eigna bustader for eldre i ulike nivå av meistringstrappa tett på tenestene. Fleire eldre og demente enn landsgjennomsnittet, økonomiske rammer og tilgang på arbeidskraft gir behov for å omstilling og tøffe prioriteringar innanfor sektoren.

Små elevkull fordelt på ein offentleg skule og to privatskular i kommunen gir utfordringar med ressursbruk og gruppesamansetting. Det er utfordrande å oppretthalde høg kvalitet i ein liten kommune med avgrensa midlar, og ein opplever aukande tal elevar med behov for tidleg innsats. Hjartdal kommune har hatt skuleresultat under landsgjennomsnittet og låg motivasjon for å prioritere skule og har satt i gang arbeid for å betre skuleresultat og haldningar til skule. Kommunen opplever positiv utvikling når det gjeld mobbing, men har framleis utfordringar på dette området.

Det er ein stor del fleirspråklege elevar og elevar frå låginntektsfamiliar i den kommunale skulen. Kommunen opplever kapasitetsutfordringar med nye flyktningar, m.a. knytt til bemanning i barnehagane og at det er utfordrande å skaffe eigna bustad.
Kulturlivet i Hjartdal blomstrar, m.a. med et rikt organisasjonsliv, men det er færre som bidrar til frivillig arbeid. Det er gode idrettsanlegg i dei tre bygdene. Kulturskulen har særs høg deltaking og godt renommé, og den kommunale ungdomsklubben er godt besøkt.

Kommunen opplever eit forventningsgap mellom statlege krav, forventningar frå innbyggjarar og hytteigarar og kva kommunen kan levere. Ein svært liten stab innanfor plan og teknisk, som skal dekke eit breitt fagfelt, gir stor sårbarheit. Den krevjande situasjonen rundt vatn og avløp i Kovstulheia-Russmarken fører til store økonomiske og kommunikasjonsmessige utfordringar.

Klimaendringane med auka utfordringar med overvatn, flaum og jordskred set krav til robust infrastruktur og arealplanlegging. Sikring av kritisk infrastruktur som vasstilførsel, er særleg viktig i kommunen sitt beredskapsarbeid, både grunna verdssituasjonen og klimaendringar.

HJARTDAL
KOMMUNE